



Års- og nominasjonsmøtet til Venstre på AFA i kveld er open for alle og det startar med ein orientering om AFA. Den er det dagleg leiar Tor Vidar Sæle som gjev.

Berre på dei 3 siste åra har talet på tilsette auka frå under 30 til 50 og Sæle vil orientera om bakgrunnen for det.!

Uskedalen vil også ellers setta sitt sterke preg på møtet både organisatorisk og med omsyn til nominasjonen.

Det er 7 kandidatar frå bygda på lista med ordførarkandidat Kjell Yri på topp. Alle som stillar på lista er særst velkomne til møtet. Partilaget blir leia av Kristian Bringedal og Bjarne Lilleaas er skrivar.

Og det er ikkje berre Venstre som held nominasjonen sin på AFA. Det gjer og Kristeleg Folkeparti og det skjer i morgon tysdag - også det klokka 18.

På biletet er AFA-leiar Tor Vidar Sæle ved ein stabel virke frå Sunnfjord som skal nyttast i palleproduksjonen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)